



KVINNHERAD TAXI AS  
Postboks 198  
5480 HUSNES

Dato: 24.04.2017  
Vår ref.: 2016/308-95  
Saksbehandlar: annved  
Dykkar ref.:

Att. Arne Bjørnevik

## Søknad dispensasjon

Ein viser til søknad om dispensasjon av 17.04.2017.

Drosjeløyve R-88 og R-86 er tilbakekalla grunna manglande garanti. Vedtaket vart påklaga, men klaga vart ikkje teken til følgje i klagenemnda. Vedtaket om tilbakekalling er såleis endeleg.

Drosjeløyve R-88 og R-86 vart kunngjort ledige i pressa og på [www.hordaland.no](http://www.hordaland.no) laurdag 21. april med søknadsfrist 13. mai 2017.

Kvinnherad Taxi AS søker om at løyvestyresmakta gjev dispensasjon til at noverande løyvehavar, Tomas Berius, kan drifta R-88 og R-86 fram til nye løyvehavarar er på plass. Det vert vist til at sentralen vil ha vanskar med anbodsoppfylling dersom dei to løyva vert ute av drift.

Det går fram av yrkestransportforskrifta § 23, andre ledd at:

*Løyvemyndigheten kan når transportmessige hensyn tilsljer det gjøre unntak fra krav om løyve i det enkelte tilfelle for avgrenset transport som utføres etter avtale med annen løyvehaver og innen rammen av dette løyvet. Slik unntak gjelder bare når transporten skal utføres med personbil, jf. forskrift om tekniske krav og godkjenning av kjøretøy, deler og utstyr (kjøretøyforskriften) § 2-2 nr. 2 a) og gis for inntil ett år om gangen. De kan stilles vilkår for slike unntak.*

Etter vårt syn er det transportmessige omsyn som tilseier at ein bør gje dispensasjon, men i denne saka dreier det seg om drift av eksisterande løyve, og forskrifta § 23 er såleis ikkje heilt dekkande. Etter yrkestransportforskrifta § 51, andre ledd går det fram at drosjesentral kan drifta drosjeløyve dersom løyvehavar midlertidig er ute av stand til å sjølv å driva løyve. Då det i denne saka gjeld mellombels drift av eksisterande drosjeløyve i samband med tilbakekalling, er heller ikkje denne bestemminga dekkande. Samferdselsavdelinga finn at ein kan nytta ansvarstilhøvet i § 51 analogt i denne saka av omsyn til trafikkavviklinga. På denne bakgrunn fattar ein følgjande

vedtak:

**For å sikra transporttilbodet i Kvinnherad i ein overgangsperiode fram til nye løyvehavarar er på plass, men ikkje lenger enn til 31.12.2017, får Kvinnherad Taxi høve til å driva drosjeløyve R-88 og R-86, jf. yrkestransportforskrifta § 23, andre ledd og § 51 andre ledd. Kvinnherad Taxi kan la Tomas Berius stå for den daglege drifta i overgangsperioden. Det skal noterast i løyvedokumenta at Kvinnherad Taxi er ansvarleg styrar i perioden.**

Vedtaket kan klagast inn for Klagenemnda innan ein frist på 3 veker etter at ein fekk melding om vedtaket. Kлага skal sendast til samferdselsavdelinga. Følgjene av ei eventuell klage kan bli at vedtaket blir endra.

Etter forvaltingslova § 27 b kan søksmål om vedtaket er lovleg eller krav om erstatning som følgje av eit slikt vedtak ikkje reisast før parten har nytta høve til å påklage vedtaket.

Det vert sett ein søksmålfrist på 2 mnd. jfr yrkestransportlova § 34.

Med heimel i forvaltningslova §18 jfr § 19 har part – med visse unntak – rett til innsyn i dokumenta i saka. Ein må i så tilfelle vende seg til samferdselsavdelinga.

Rolf Rosenlund  
seksjonsleiar

Anne Vedvik  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*